

Framleis for høgt vassforbruk

26.01.2010

Vassverkleiinga har funne to vasslekkasjar som er ein del av forklåringa på at det går ut unormalt mykje vatn frå vassverket i Eikedalen for tida.

Men forbruket har likevel ikkje gått vesentleg ned og det må difor vera eit unormalt forbruk også andre stader,fastslår leiar Hans Reidar Kjærland..

Han oppmodar sterkt abonnentane om å sjekka mogelege lekkasjekjelder, ikkje minst i hus ute som står avstengde og som ein kanskje ikkje har tenkt over.

Stikkord her kan vera naust, hytter, garasjar og diverse uthus.

Hvis ikkje forbruket går vesentleg ned må vassverket starte nedstenging for å lokalisera lekkasjane og det er ein svært omfattande operasjon, understrekar Kjærland.